

Griegakademiets senter for musikkterapiforskning (GAMUT)

Mål og strategi

Januar 2008

GAMUT vart etablert som forskingssenter ved Unifob helse i august 2006 og spring ut av det musikkterapeutiske fagmiljøet ved Griegakademiet, institutt for musikk, Universitetet i Bergen. Musikkterapifaget fokuserer på forholdet mellom musikk, helse og utvikling, både i kvardagssamanhengar og i kliniske kontekstar. Slik byggjer faget bru mellom tradisjonelle faginddelingar innan humaniora, psykologi, helsefag og samfunnsfag. På engelsk tyder gamut “heile skalaen”, i bokstaveleg eller overført tyding, noko som kan fungere som bilete på eit forskingssenter som spring ut av det musikkfaglege og som samstundes vil fange opp eit spekter av tverrfaglege problemstillingar.

Behov

Behovet for kunnskapsutvikling innan musikkterapi kan sjåast i lys av:

- Den sentrale rolla musikk har i kvardagslivet til folk flest.
- Den aukande bruken av samfunnsintegrerte “lågterskeltilbod” innan musikk, helse og utvikling, t.d. opne musikkafear for rusmisbrukarar, pensjonistkor, osb..
- Profesjonelle situasjonar og kontekstar der tradisjonelle terapitilnærmingar kjem til kort, t.d. i arbeid med språklausé menneske og med klientar med låg motivasjon for tradisjonell terapi.
- Etterspurnaden etter dokumentasjon og utforskning av etablert musikkterapi praksis.

Mål

- Å utvikle eit norsk musikkterapeutisk forskingssenter på høgste internasjonale nivå
- Å sikre adekvat kunnskapsutvikling innan universitetsfaget musikkterapi
- Å utvikle samfunnsrelevant kunnskap om samanhengar mellom musikk og helse, for bruk i m.a. helsevesenet, sosialtenesta, skulesektoren og kultursektoren.

Arbeidsområde og intenderte resultat

Realisering av desse målsetjingane vil skje gjennom forskning og formidling av høgste kvalitet:

Forskning:

- Undersøkingar av helseaspekt ved ålmenn musikkbruk i samfunnet.
- Undersøkingar av helseaspekt ved målretta musikkbruk i institusjonelle samanhengar (musikk i skulen, musikk i kulturskulen, musikk i helsevesenet, osb.).
- Klinisk musikkterapiforskning, prosessar og effektar.

Publisering:

Forskningsresultat vil i hovudsak verte publiserte i engelskspråklege internasjonale tidsskrift eller bøker, men også i nasjonale tidsskrift eller bøker, når dette er relevant.

Anna formidling:

Konkrete formidlingsaktivitetar utover dette vil vere kronikkar og andre former for popularisert skriftleg formidling, rettleiing for aktuelle fagpersonar og fagmiljø og dessutan populariserte

forskningsbaserte kurs og foredrag for institusjonar, foreiningar og andre med behov for ny kunnskap om musikk, helse, utvikling og samfunn

Tidsskriftsdrift:

GAMUT tar sikte på å vere ein sentral aktør innan internasjonal musikkterapitidsskrift, med utgjeving av det verdsomspennande forumet *Voices: A World Forum for Music Therapy* og det vitskaplege tidsskriftet *Nordic Journal of Music Therapy*.

Faglege strategiar

Sentrale faglege strategiar for utvikling av GAMUT er:

- Etablering av eit fruktbart samspel mellom eksternt finansierte prosjekt og den musikkterapeutiske forskingsressursen ved UiB
- Vidareutvikling av forskingsmøta som eit fagleg/tverrfagleg forum og som ein arena for utvikling av fagleg identitet
- Inkludering av og samarbeid med master- og PhD-studentar ved Griegakademiet
- Samarbeid med aktuelle psykologiske, pedagogiske, musikk-, helse- og samfunnsfaglege forskingsmiljø, lokalt, regionalt og nasjonalt
- Samarbeid i internasjonale forskingsnettverk, i første omgang med sentrale musikkterapeutiske forskingsmiljø i Europa, USA og Australia.

Strategi for organisasjonsutvikling og økonomi

GAMUT er altså organisert som eit senter under Unifob helse. Fleire av forskingsprosjekta er utvikla i samarbeid med UiB-tilsette forskarar og/eller i samarbeid med forskarar ved andre universitet eller forskingssenter. GAMUT må difor ta mål av seg å vere ein fleksibel og effektiv organisasjon som er god på å arbeide i regionale og internasjonale nettverk. Per januar 2008 vil sentrale strategiar i høve til dette vere:

- Etablering av eit arbeidsutval som kan koordinere ulike prosjekt og foreslå tiltak for utvikling av GAMUT som organisasjon
- Samordning av arbeidet med dei to tidsskrifta NJMT og *Voices*, både i høve til infrastruktur og utvikling av internasjonale nettverk
- Styrking av administrative og økonomiske støttfunksjonar.

Økonomisk er senteret framleis i ein sårbar startfase. Det er særleg nødvendig å styrke økonomien i dei to tidsskrifta og leggje grunnlag for å kunne styrke faglege og administrative støttfunksjonar. GAMUT må difor arbeide aktivt både med ordinær prosjektfinansiering og med alternative eksterne finansieringskjelder, både innan det offentlege og næringslivet.